



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 3

Juni 2021

72. årgang

INNHALD

Min salme 2

Andakt 3

4-årsgudsteneste 3

Møtepunkt 4 & 5

Pilegrim i Gol 6 & 7

Utviding av gravplass 7

Trusopplæring 8

Barnas-side 9

Kunngjeringar 10

Gudstenester 11

Konfirmantoversikt 12

22. juli markering 12

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:

Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Sokneprest:

Arnstein Bleiktvedt (permisjon)

Mob: 958 28 706 - Fri måndagar
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakonarbeidere:

Sissel Rudningen (70%)

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
sissel.rudningen@gol.kommune.no
(tyrsdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)

Wera Waage Frogner (30%)

Mobil: 943 54 618
wera.waage.frogner@gol.kommune.no

Organist:

Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær:

Thorunn Haugo

Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763

Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136

britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor

- Hemsedal kommunehus

Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal

Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00

Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no

kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerje:

Kjetil Th. Storebråten

Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745

kjetil@hemsedal.kommune.no

Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:

Camilla Osnes

Mob: 977 15 677 • Fri måndager
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:

Peter Rødel

Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:

Wilfried Westera

Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:

Hans Vidar Sørensen

Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:

Gunn Astrid Frøysok

Leiar Gol og Herad

Tlf. 990 34 376

Irene Markegård

Midl. leiar Hemsedal

Tlf. 482 02 020

**Ynskjer du å gje
ei gåve til kyrkja:**

Hemsedal: 2367.20.49482

Gol: 2324.20.01354

Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

Redaksjon: Sølvi Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen,
Hilde Moe Hillestad, Ludvig Munkejord, Gunn Ragnhild Stigen.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol

E-post: oaalrust@online.no

Kasserar: Arne Oddmund Tuv,
3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097



MIN SALME

ELIN RUUD

FORSIDEFOTO: LUDVIG MUNKEJORD

FOTO: PRIVAT



Så overbeviste blir de at de bruker
resten av sine liv til å fortelle andre
om det de har sett og opplevd med
Jesus. Jesu oppstandelse er ikke bare
en hyggelig opplevelse for disiplene
på Jesu tid – det gir også mennesker i
dag en mulighet til å kjenne Gud. Som
sangen avslutter med: «at Jesus han
lever fremdeles i dag, det e ikkje tvil
om det!»

Jeg utfordrer Ingrid Undheim Løken
til neste salme.

Vi satt for stengte dører

Hans-Inge Fagervik

*Vi satt for stengte dører
Elleve menn i lag
Men vi folte oss så immari aleina
Jesus han var død nå
Gav seg uten slag
Ingen sa ett ord, vi satt der som forsteina
Men da hortest raske fottrinn og banking
på vårres
dør, de åpna, Og Maria storma inn
og ropte "Hør!"*

*Han leve, han leve, han leve
Jesus er stått opp igjen
Han e ikkje lenger i grava
No har æ møtt frelseren
Han leve og æ skal få lov til
Ååh gå med beskjed
Om at Jesus han lever fremdeles i dag,
det e ikkje tvil om det!*

*At grava den va tom, ja
Det va greit nok det
Men oppstått, nei det virka førr utrulig
Æ ville gjerne tru det, men syns æ måtte se
Det hele verka nesten så umulig
Men da sto han midt i blant oss og sa "Thomas,
det e mæ,
Kom kjenn på såran mine,
hvis det kan hjelpe de".*

*Han leve, han leve, han leve
Jesus er stått opp igjen
Han e ikkje lenger i grava
No har æ møtt frelseren
Han leve og æ skal få lov til
Ååh gå med beskjed
Om at Jesus han lever fremdeles i dag,
det e ikkje tvil om det!*

Jeg velger meg «Vi satt for stengte
dører» av Hans-Inge Fagervik.
Den er kanskje litt ukjent for noen –
men det er bare å gå inn på youtube
viss man vil høre den.

Jeg synes at forfatteren skildrer så
fint disiplenes redsel der de satt bak
stengte dører og lurte på hva de skulle
gjøre. De hadde satset alt på denne
Jesus og gått sammen med han. Så
ble han hengt på et kors og døde.
Snakk om en trist slutt. Måtte de gå
hjem til familiene sine og fortelle at de
hadde blitt lurt av en svindler? «Ingen
sa et ord de satt der som forsteina» Og
de vet at grava er tom men tror ikke at
han er oppstått.

Men så hendte det noe – plutselig sto
Jesus der – levende. Dette så de ikke
komme. Øynene deres må ha blitt
veldig store. Og i sangen sies det «Nå
har jeg møtt frelseren. Han lever og jeg
skal få lov til å gå med beskjed om at
Jesus lever fremdeles i dag. Det er ikke
tvil om det». Disiplene blir øyenvitner
til oppstandelsen. Og de må være
lettet over at de hadde satset på rett
kort likevel. Thomas får mulighet til å
kjenne på sårene i hendene til Jesus.
Det vil si at han kan kjenne at det
virkelig er Jesus som står der og ikke
et gjenferd.

Glede er kanskje ikkje ordet som har vore fokus det seinaste året. Likevel har vi mykje å glede oss over, og kanskje har vi blitt enda betre på å glede oss over dei små tinga? Eg har i alle fall fått tid til å tenke meir over kva som er viktig, og kva eg er takksam for. Eg kan glede meg over at naturen framleis er open og vitnar om Guds gode skaparverk, og eg kan kjenne gleden over å kunne dele dette med ungane. Eg kunne og sjå glede i ansiktet til 4-åringane som hoppa rundt etter såpeboblene til velsigninga på utegudstenesten ved Herad kyrkje. No står sommaren framfor oss, og vi kan håpe på lys, glede og sosiale treff ute, og kanskje og på sikt innandørs, og med mindre fokus på smittevern?!

Bibelen er og full av forteljingar om menneske som har gått gjennom tunge og

tøffe tider, men som har fått hjelp både gjennom og ut av det vanskelege og kan takke Gud i glede. Eit enkelt bibelsøk på bibel.no på ordet «glede» gav meg 326 treff – berre på dette eine ordet. Veldig mange av treffa fører til vers i salmar som handlar om motgang og glede. Slik som salme 118, som er ei takkesalme til Herren. Det er ei salme som er mykje brukt til jødiske festar, og som og Jesus ba saman med apostlane ved nattverda. («Då dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget.» Matt 26.30). Det er og ei salme som eignar seg godt til å gjere til vår eiga bøn. Vers 5 i salme 118 «Eg var i trengsle og ropa til Herren, han svara og førte meg ut i ope land» kan romme det vi har gått gjennom. Det treng heller ikkje vere noko som er heilt avslutta – vers 25 kan bere bønane vidare:

«Herre, frels! Herre, lat det lukkast!». Likevel kan vi få takke – og glede oss!

For det er lyspunkt, det er glede og det er ting å vere takksam for, midt i det som er vanskeleg og! Sjølv i ein pandemi er det ting å glede seg over, og eg kjenner meg glad for at trua mi kan bere meg vidare!

Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleden oss no!

(Sal 118,24)

Så håpar vi at det kjem ei tid no der vi kan møtast i glede og takk og kjenne på fellesskapet, med kvarandre og med Han som har skapt oss!




Glede i fokus på 4-årsgudsteneste

Årets utdeling av 4-årsbøker vart framskunda frå hausten til våren for å gi plass til konfirmasjonar på hausten.

I Herad vart det ein flott vårdag med utegudsteneste i sola ved kyrkja, og det var glede å sjå i augene til 4-åringane – ikkje berre når dei fekk boka si, men og når dei dansa etter såpeboblene under velsigninga, og etter gudstenesten. Og når dei sprang og leika gjemsel medan foreldra framleis sat på piknikteppet eller stolen med kaffikoppen og prata. Gudstenesta var og prega av glede over skaparverket og mykje sangar med bevegingar.

Det var moro å sjå korleis alle deltok, og det vart ei sprell levande gudsteneste.

Etter gudstenesta var det tid for piknik og aktivitetsløype med familien. Det vart mogleg å prøve orgelet, tenne lys og be ei bøn og å sjå og høyre litt om dåpen. Ute høyrde vi om Sakkeus, og så sådde vi frø – spirar det nokon solsikker rundt i Gol?



MØTEPUNKT

HEMSEDAL KIRKJE & HEMSEDAL NORMISJON

Søndag 2. mai var det premiere på første Møtepunkt. Møtepunkt er Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkjes nye møtekonsept som er første søndag i måneden gjennom skoleåret.

Logoen vår forteller litt om hva vi ønsker med Møtepunkt. Logoen tar utgangspunkt i **to sirkler**. Den i midten er selve møtepunktet. Den andre sørger for at det er romslig rundt møtepunktet, at det er en trygg ramme, men at det likevel er åpent: *Her er det åpent for å komme, men også for å gå.*

STRUKTUR

Første søndag i måneden i skoleåret

Kl. 16.00: Middag

Kl. 17.00: Felles møtestart

Kl. 17.15 (ca): Hoveddel

Barnegrupper og de voksne for seg.

Ca ferdig kl. 19.00

Kaffe/snacks etter møtet.

BARNEGRUPPER

Under hoveddel blir barna plassert i aldersbestemte grupper og har et eget opplegg med lek og læring.

VOKSNE

Det er tre underkategorier som det vil veksles når de voksnes samles.

De ulike **fargene** symboliserer de varierte møteformene, men også at det er rom for forskjellige tanker og for å si hva man tenker og mener.

De fire **strekene** som peker mot midten møtes og danner et kors. Møtepunktet er midt i **korset**; dette er et kristent fellesskap. Vår inspirasjon er Jesu bønn: «Må de alle være ett» (Joh 17,21).



HEILT ÆRLIG

MØTEPUNKT: HEILT ÆRLIG handler om dialog. Her skal vi snakke **HEILT ÆRLIG** om viktige temaer.

Temaene angår hverdagen, troen og livet, og som også kan være tabubelagte og vanskelig å snakke om. **HEILT ÆRLIG** tar opp tema med store spørsmål som ofte ikke har et fasitsvar.

Gjennom dialog ønsker vi **HEILT ÆRLIG** å fremme gjensidig forståelse og respekt, med rom for ulike meninger. Vi ønsker å bryte barrierer mellom mennesker, skape forsoning og forståelse for hverandre.

Når vi har **HEILT ÆRLIG** inviteres 2-3 personer til å sitte i panelsamtale over et valgt tema. I samtalen åpner vi opp for at publikum kan stille anonyme spørsmål til panelet.

FRIVILLIG?

Synes du dette høres spennende ut og kunne tenke deg å bli frivillig?

Vi hører gjerne fra deg!

Ta kontakt med møteverten, en fra komiteen eller på camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

KOMITÉEN:

Monika Bakko, Jenny Bårdsen,
Line Sollien, Arne Marius Gulseth
Camilla Osnes, Olav Støyten



ORD + TEMA

På **MØTEPUNKT: ORD + TEMA** inviterer vi en person til å tale over et spesifikt tema.

Vi tar et dypdykk inn i temaet taleren taler over. Taleren varer ca 20-30 min.



TONAR + TEMA

På **MØTEPUNKT: TONAR + TEMA** står musikken i fokus. Her blir det musikk, salmer og lovsang i fokus med en evt. kortere tale.



Illustrasjonsfoto

Ikke alle barn gleder seg til ferien

Gi en trygg ferieopplevelse til familier som har det vanskelig

SMS BK FERIER til **13130** (200 kr),
VIPPS en gave til **13130** eller
gi på konto **3201 52 74165**



Endeleg var smittevernreglane opne for å få arrangert den fyrste samlinga i det nye møtekonseptet «Møtepunkt». Eit samarbeid mellom Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkjelyd. Litt avvik frå tiltenkt programmal vart det denne gongen, med samling i kyrkja, kun for ungdom og vaksne og god avstand mellom kohortane.

Denne gongen var tema: Helt ærlig om selvrealiseringens tid. Samlinga var ein dialog mellom Sokneprest Camilla Osnes, Gunvor Abrahamsen, Arne Marius Gulseth og Prost Sveinung Hansen. Her fekk me høyre mange gode tankar, frå dei 4, om temaet. I tillegg var det sanginnslag med Oskar Sunde og Frode Emil Frøyland på piano.

I konseptet til Møtepunkt vil samlingane for dei vaksne variere mellom 3 ulike kategoriar: Ord + Tema, Tonar + Tema og slik som denne gongen, Heilt ærlig.



Piano: Frode Emil Frøyland
Song: Oskar Sunde



Sokneprest Camilla Osnes



Gunvor Abrahamsen



Arne Marius Gulseth og Prost Sveinung Hansen



Pilegrim i Gol

"Porten er trong og vegen smal som..."

Diakonvikar Sissel Rudningen ved Mobrua ein sur maimorgon. Pilegrimsruta kryssar elva her.

Vil du gå "den smale veg"? Ingen treng vere i tvil om leia i Gol, den er tydeleg skilta.

TEKST OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

Ved kyrkjekontoret vil dei kanskje svare med Erna Solbergs favorittuttrykk: "Jeg ville ikke brukt akkurat de ordene." Det er like fullt eit faktum at pilegrimsruta som no blir presentert som nytt tilbod, stykkevis er både smal og bratt. Akkurat som livet sjølv.

- Eg synest pilegrimsruta på ein fin måte symboliserer livet vårt. Ho har einsame og rolege parti, som inspirerer til meditasjon og stille ettertanke. Og så har ho meir trafikkerte og livlege parti. Akkurat slik me også opplever det i livet, seier diakonvikar Sissel Rudningen. Ho møter Kyrkjebladet ved Mobrua ein sur maimorgon, for å orientere om prosjektet. Dette er eitt av to krysningspunkt ruta har med Hallingdalselva.

I koronatider

Pilegrimsruta kan på sett og vis sjåast som eitt av få positive utslag av koronapandemien. Etter at alt vart nedstengt i mars i fjor, fekk kyrkjekontoret og staben spelerom både økonomisk og mannskapsmessig, til å tenkje litt "utanfor boksen". Diakon Martha F. Bleiktvedt var initiativtaker til pilegrimsruta. Etter ei idémyldring som også omfatta innspel frå miljøvernrådsgjevar Jørn Magne Forland i Gol kommune, enda ein etter kvart opp med forslag til ei pilegrimsvandring mellom dei to kyrkjene i Gol og Herad.

Ordet pilegrim kjem frå det latinske peregrinus, som betyr "ein framand", ein person som reiser til ein heilag stad. Pilegrimsvandring handlar om både den ytre og den indre vandringa. Den ytre, fysiske vandringa kan vere ei hjelp til å nå fram til det ein lengtar etter inni seg.

Variert rundløype

Pilegrimsvandringa i Gol er lagt opp som ei rundløype på vel 17 kilometer. Ein kan gå heile eller berre delar av ruta, som til dømes til ei av kyrkjene.

Om ein startar ved kyrkja i Herad og går mot aust, kryssar ruta over Eiklidsbrua og følgjer vegen på sørsida av jernbanen forbi Gol stasjon til Mobrua. Etter å ha kryssa elva att der, er det relativt hard stigning gjennom byggefeltet i Vesterhuset og Tuppeskogen opp til Gol kyrkje. Ned att går ruta via Møllebakken og vidare langs villaveg nord for sentrum, på stig og skogsbilveg gjennom Hagaskogen, og så det siste stykket på gangveg langs Rv7 fram til Herad kyrkje. Underlaget varierer mellom asfalt, grus og skogbotn. Og som nemnt mellom svært stille og rolege område, og meir travle vegar.

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

Pilegrimsruta har sin eigen logo og er skilta med i underkant av 60 metallskilt, som viser retning og avstand. I tillegg er det sett opp større informasjonstavler ved kyrkjene og i sentrumsparken ved skysstasjonen.

Helsing på turen

Ruta vart ferdig skilta sist haust av folk i staben, med god hjelp frå fleire frivillige. Sissel Rudningen var blant dei siste, i god tid før ho begynte som diakonvikar.

- Eg har ein viss elsk for pilegrims-vandring, vedgår ho.

Ho kan også fortelje at dei har fått lovnad frå Nidaros-biskop, preses og oppvaksen golving, Olav Fykse Tveit, og forfattar, mangeårig journalist/redaktør i Vårt Land, og halling frå Geilo, Erling Rimehaug, om at dei vil kome med kvar si helsing til pilegrimsvandrarane. Det vil skje ved at det på rolege plassar langs ruta blir skilta med QR-kode, som pilegrimane kan skanne med telefonen sin og få avspelt helsingane frå dei to.

Sissel og dei andre i staben ynskjer god pilegrimssommar. Eller: Pax et bonum! – Guds fred og alt godt!



Utviding av gravplassen ved Gol kyrkje

TEKST: ANNE Gerd JORDE


Som sikkert fleire har lese i Hallingdølen så har det vore jobba med utviding av gravplassen ved Gol kyrkje og nå er reguleringsplanen ferdig handsama. Det blir fortsatt jobba med anna trasé for ein gardsveg i området. Planen er at arbeidet med utvidinga av gravplassen blir sendt på anbod vinteren 21/22 med oppstart av arbeidet sumaren 2022.

Ved fleire høve har det kome spørsmål om minnelund i Gol.

Namna minnelund ligg i planane for utvidinga. Namna minnelund er ein plass der det blir sett ned urner, men det er ikkje eiga gravminne, men eit felles minnesmerke. I Gol er det planlagt at kvar får namnet sitt på ei plate som blir sett opp på ein låg mur som vil vera ein del av området. Det er felles stell av dette området – det vil seia at kvar enkelt ikkje treng å gå der for å stelle graver. Gravplassstilsette vil vera ansvarleg for blomar og stell ved dette felles minnesmerke.

Utvidinga av gravplassen ved Gol kyrkje består både av fleire kistegraver, vanlege urnegraver der pårørende har sitt eiga gravminne og namna minnelund med felles minnesmerke.

Den ovale rundingen på bildet viser området for minnelund. Det er tenkt ein låg steinmur med namneplater montert på skinne på muren og med blomster framom.



Trusopplæring

i Gol og Hemsedal hausten 2021



Kyrkja tilbyr varierte aktivitetar for alle i alderen 0 til 18 år, i regi av trusopplæringa. Vi ynskjer å tilby aktivitetar som er spennande og som kan gi kjennskap til kristen tru og tradisjon, gjennom lek, bibelforteljing, song og musikk, bøn, konkurransar og mykje anna.

Dette er ein del av kyrkja si trusopplæring, etter at denne vart teken ut av skulen. Vi sender ut invitasjonar til døypte og tilhøyrande (der minst ein av foreldra er medlem i kyrkja), men ynskjer alle velkommen, uavhengig av livssyn.

Ta gjerne kontakt dersom du vil at ditt born skal få invitasjonane i posten. Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!

Gol og Herad

Ein ettermiddag i Oktober - 5 år
Femåringane er spesielt inviterte til å vere med på **Gullrekka** på Gol bedehus.

3. november kl 18.00
For heile familien
Kirkerottene og Kattunge – kyrkjeteater for dei minste

22. november kl 8.30-16.00
1.-3. klasse
KA-dag – aktivetsdag i kyrkja og på bedehuset på skulen sin planleggingsdag

4.-5. desember - 5. klasse
Lys Vaken med overnatting i Gol kyrkje. Avsluttast med gudsteneste med kyrkjekaffi i Gol kyrkje søndag kl 11.00.

5. desember kl. 15.00
For heile familien
Stjernen er tent – familiemusikal med Seven-jentene

Laurdagskveldar kl. 19.30-22.00
8. klasse ->
Amadeus – ope hus for ungdom frå 8. klasse. Ein laurdag i månaden på Gol bedehus. Ein stad å treffast og vere. Spel, lek, konkurranse, mat.

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen torsdag føremiddagar og **Gullrekka** for 0 – 13 år på bedehuset ein gong i månaden.

Hemsedal

16.-17. oktober - 3.-6. klasse
Lys&Liv-festival i Hemsedal kyrkje/ Kyrkjestugo.

Barnefestival
med mange ulike aktivitetar.
5. og 6. klasse er velkomne til å overnatte i kyrkja.

Avsluttast med gudsteneste med kyrkjekaffi i Hemsedal kyrkje søndag kl 11.00.

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Kyrkjestugo ca. annakvar onsdag kl 10-12,
Sundagsskulen for alle frå 4 år på Kyrkjestugo,

S-klubben frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag,

ACTIVE for 5.-8. klasse i Trøymshallen ca to fredagar i månaden og

KULH på bedehuset laurdagskveldane frå 8. klasse.



Velkommen!

Baby Sang

Sang, dans,
rim og regler.
Tid til å vere
i lag etterpå.

Hemsedal

Onsdagar på Kyrkjestugu kl 10-12, om lag annakvar veke. Datoar kjem til hausten.

Følg med på facebooksida til Kyrkja i Hemsedal, og i facebookgruppa «Babysang Hemsedal».



STØRST AV ALLT
BARN OG UNGE I HALLINGDAL PROSTI

Gol

Oppstart torsdag 27. august kl 10.00, deretter 10 torsdagar (ikkje haustferien).

På Frelsesarmeen i
Gymnasvegen 3.

Sjå facebookgruppa
«Baby- og småbarnsang Gol»



P.g.a. smittevern treng vi ei påmelding.
Påmelding og spørsmål til Britt Marie.

GULLREKKA

GULLREKKA BLIR «NY»!

Hausten 2021 blir det endringar på trusopplæringsaktivitetane på Gol bedehus.

Slik blir «nye» Gullrekka:

- Tidlegare vore ein fredag i månaden – ny dag blir måndag!
- Det vil framleis vere for alle frå 0-13 år!
- Det vil framleis vere mogleg å kjøpe middag til heile familien 16.30-17.30! (Så snart smittevernet tillet det)
- Startar for alle klokka 17.30 – det blir fyrst fellessamlingar i to aldersdelte grupper. Her vil det mellom anna vere ei bibelformidling.
- Etter fellessamlinga deler vi i aktivitetsgrupper. Her kan ungane velje aktivitet ut frå interesse. Det kan vere song/ musikk, hobby og aktiv (gymsal/klatring – for dei frå 4.klasse og oppover).
- Aktivitetane på bedehuset blir avslutta klokka 19.00. Aktivitet i gymsalen blir avslutta kl 19.15. Dei minste må ikkje vere til 19, men kan reise heim tidlegare.

Vi ønsker oss fleire leiarar!

Vil DU vere med og ta ansvar for: mat, song, hobby, lek/spel i gymsal – eller kanskje ein aktivitet som vi ikkje har tenkt på? Her er rom for å bidra med noko du kan og brenn for, for å skapa eit miljø som fanger alle! Ta kontakt med Britt Marie Haraldset Hafsås.

*Acta – Normisjonen, Søndagsskolen Sprell
Levende og Den Norske Kyrkje – Gol og Herad*

Vi ynskjer inntil vidare påmelding....» (håpar veldig at ting snart er normalt igjen....)



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalde ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sau. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann sau, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
 - Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

18.04.21 Vetle Roe Myhra
06.06.21 Ada Modalen

Hemsedal kyrkje

23.05.21 Tuva Sandal Jordheim
23.05.21 Hedda Dokk Blom

DØDE

Gol kyrkje

21.03.21 Oline Bråten f.1940
28.03.21 Anne Kinnebergbråten f.1921
11.04.21 Kristi Kinnebergbråten f.1936
11.04.21 Olav Garthus f.1928
07.05.21 Olav Svello f.1928
19.05.21 Dagny Øydgard f.1925
19.05.21 Eirik A. Rust f.1930

Herad kyrkje

17.03.21 Kåre Lie f.1958

Hemsedal kyrkje

03.06.21 Kristoffer Kvalsvik f.1925

GOL STAVKYRKJE SOMMER 2021

Kveldsbønn med lokale musikere /
Evening prayer with local musicians
Onsdager / Wednesdays kl. 20.00

30. juni

Prest - Camilla Osnes
Solist - Rebecca Lofft
(hardingfele)

7. juli

Prest - Camilla Osnes
Solist - Karianne Østro
(saksofon)

14. juli

Prest - Sveinung Hansen
Solist - Birger Liahagen
(trekkspill)

21. juli

Prest - Odd Steinar Bjørnebye
Solist - Linda Krydsby
(fløyte)

28. juli

Prest - Odd Steinar Bjørnebye
Solist - Audun Haugeplass
(gitar/sang/harmonium)

VELKOMMEN!

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen
Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Terje Nordal - Steinar Aa - Torfinn Slåtto
Vakt: 917 06 250 / hallingdalgravferd.no

LYKKJA KAPELL

Det Norske Misjonsselskap ønsker alle hjertelig velkommen til gudstjenestelig møte i Lykkja kapell søndag 8. august kl 11:00.

Reidun Andersen Weberg og Guri Ekse deltar. Misjon i sentrum og fellesskap med hverandre er det vi samles om denne dagen.



Det blir kirkekafe ved misjonsforeningene i Hemsedal.

Barbo og Ola Øyneliens legat

Det er mogleg å søkje på legatmidlar frå Barbo og Ola Øyneliens legat. Statuttar for legatet: «Rentene av legatkapitalen skal brukast slik: Dersom det er blinde eller svaksynte i Gol kommune som treng støtte, skal dette formål prioriterast. For øvrig kan avkastninga brukast til kyrkjeleg arbeid blant unge.» Søknaden må innhalde kostnadsoverslag over tiltak midlane er tenkt brukt til. Søknad merka «Øyneliens legat» skal sendast til: Gol kyrkjekontor, Gamlevegen 4, 3550 Gol, **innan 25. juli 2021.**

- Legatstyret.



**BJØRNE
PARKEN**

Bli med til Bjørne- parken!

Søndag 19. september arrangerer Gol og Herad kyrkjelyd tur til Bjørneparken!

Vi håpar at store og små, unge og gamle, single og gifte vil vere med på tur! Det blir ei fellessamling i parken ein gong i løpet av dagen, og ellers er det mogleg å få med seg dyreforinger og bruke dagen slik ein ynskjer. Be gjerne med deg naboen eller ein ven!

Inngangspris denne dagen er gunstige
199,- kr per person!

Gullrekka betaler inngang for alle betalende medlemmar 0-13 år (Medlemskont.50,- kr, kan betalast ved ankomst). Set av dagen og bli med oss på tur!

Påmelding innan onsdag 8. september via nettsidene til kyrkja (gol.kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på 32 02 90 00.



lys & liv -FESTIVALEN

**Skal du begynne i 3.-6. klasse til hausten?
Eller kjenner du nokon som skal?**

Vi planlegg festival i Hemsedal 16.-17. oktober – set av helga no!

Det blir fellessamling, aktivitetsgrupper (til dømes agent, ute, hobby, dans, foto..), overnatting for 5.-6. klasse og festivalgudsteneste på sundagen! Lys&Liv tek med seg det beste frå **Tårnagent** og **Lys Vaken** for å lage ei super helg for alle frå 3.-6. klasse.

Vi gler oss og håpar mange vil vere med! Nærare informasjon kjem til hausten.

På vegne av komiteen,
Britt Marie Haraldset Hafås,
kyrkjelydspedagog



v:pps

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

VELKOMEN TIL KYRKJE!

ALL ANNONSERING ER UNDER FØRESETNAD AV TIL EI KVAR TID GJELDANDE SMITTEVERNREGLAR
(FØLG MED PÅ HALLINGDØLEN OG NETTSIDENE FOR EVT. DIGITAL ARRANGEMENT)

17. juni – torsdag

GOL KYRKJE KL 18.00 -19.00
Open kyrkje.

20. juni – 4. søndag i treeiningstida

HERAD VEL Plass VEIKLID BRU
KL 19.00 St.Hans gudsteneste ute.
Jensen. Takkoffer: Normisjon.

24. juni - torsdag

GOL KYRKJE KL 18.00-19.00
Open kyrkje.

27. juni – 5. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Misjons-gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal

30. juni – onsdag

GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Kveldsandakt m/lokale song- og musikk
krefter. Osnes.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

4. juli –Aposteldagen/6. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL STAVKYRKJETOMT
KL 11.00 Skaperverkgudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjestugu i Hemsedal.

7. juli - onsdag

GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Kveldsandakt m/lokale song- og musikk
krefter. Osnes.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

11. juli – 7. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjebadet

LYKKJA KAPELL KL 11.00

Gudsteneste v/Frelsesarmeen.
Takkoffer: Frelsesarmeen.

14. juli - onsdag

GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Kveldsandakt m/lokale song- og musikk
krefter. Hansen.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

21. juli - onsdag

GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Kveldsandakt m/lokale song- og musikk
krefter. Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

25. juli – 9. søndag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL 11.00
Gudsteneste. Spilling.
Takkoffer: Lykkja kapell.

GOL STAVKYRKJETOMT KL 11.00

Skaperverkgudsteneste. Gilje.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

OSET KAPELL /UTE KL 16.00

Olsokmesse. Gilje.

28. juli - onsdag

GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Kveldsandakt m/lokale song- og musikk
krefter.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

1.august – 10. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Gilje.
Takkoffer: MF vitenskaplige høyskole

8. august – 11. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Bjørnebye.
Takkoffer: Maritastiftelsen.

LYKKJA KAPELL KL 11.00

Gudsteneste v/NMS (Norsk
Misjonsselskap)
Takkoffer: NMS

15. august – 12. søndag i treeiningstida

FAUSKO SKYSSSTASJON KL 12.00
Bob Dylan gudsteneste. Osnes. Band:
Smooth Operator
Takkoffer: Song- og musikkarbeidet i
kyrkjelyden

BOB DYLAN KONSERT KL 17.00

med bandet Smooth Operator
Fausko skysstasjon.

21. august - laurdag

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00

Konsert med Stig Ulv.

22. august – 13. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste.
Takkoffer: Kirkens SOS.

29. august – Vingårdssøndag/

14. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE LKL 10.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 12.00

Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

2. september – torsdag

GOL KYRKJE KL 18.00 -19.00
Open kyrkje.

4. september – laurdag

GOL KYRKJE KL 10.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

GOL KYRKJE KL 12.00

Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

5. september – 15.søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 10.00
Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

GOL KYRKJE KL 12.00

Konfirmasjon. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HEMSEDAL KYRKJESTUGU KL 19.00

Møtepunkt. Tale ved Borge og
Anne Bekkestad
Arr.: Hemsedal Normisjon og
Hemsedal kyrkjelyd

9. september - torsdag

GOL KYRKJE KL 18.00 -19.00
Open kyrkje.

12. september – 16. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Eklund.
50-årskonfirmantar.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00

Gudsteneste. Eklund.
Takkoffer: Sundagsskolen i Hemsedal.

19. september

Tur til Bjørneparken for
alle i kyrkjelyden.
Meir info etter kvart på
nettsida og facebook.

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 4/2021 kjem ut i uke 36

Stoff sender ein til: oalrust@online.no

innan 5. august

Konfirmantar i Gol, Herad og Hemsedal kyrkje

Lørdag 21. august - kl. 11.00,

Hemsedal

Lukas Mythe
Magnus Wollebæk Veslestølen
Sofia Jane Erlandsen
Ani Elena Erlandsen
Sindre Kristiansen Skolt
Eva Kirkebøen
Oskar Owesen

Søndag 22. august - kl. 11.00,

Hemsedal

Kristian Vold Intelhus
Frida Emilie Pettersen Henriksson
Kia Jostad-Agius
Erlend Ulsaker
Fredrik Carlson

Søndag 29. aug. kl. 10.00,

Herad

Fredrik Rukke Bjerkerud
Anine Håva Eiklid
Marte Gjerdene Ringdal
Kristine Hamre
Theodor Krydsby- Sommersten

Søndag 29. august - kl. 12.00,

Herad

Sander Rand-Fagerstrand
Silje Lauvvang Rivedal
Sara Syversrudengen
Mari Østro
Björg Grødum Venås
Edel Viktoria Bekkevold Saue
Elina Saue Gashi

Lørdag 4. september - kl. 10.00

Gol

Eirik Mikkelsplass Bjørnebråten
Knut Erland Brenno Skredegård
Marius Brøto
Joacim Magnetun Bækken
Jørgen Ween Helberg
Tilde Myren Lien
Elise Dørdal Nibstad

Lørdag 4. september - kl. 12.00

Gol

Sander Rese
Oda Agnete Rolid
Håvard Brekke Rotneim
Brit Orset Svello
Sondre Engeseth Thorset
Per Aleksander Viko
Noa Nathaniel Flindt Haugstad

Søndag 5. september - kl. 10.00

Gol

Sander Aasen
Henrik Amundsen Etterlid
Elias Fossum
Madelen Grøndalen
Storm Mørk Saggau Holm
Inger Løstegård Solhjell
Charlotte Jacobsen Sollien

Søndag 5. september - kl. 12.00

Gol

Simen Skogstad
Martin Glemmestad Stanes
Erik Svare
Lukas Wischmeyer
Ingrid Gjeldokk Øynebråten
Ane Linea Bleiktvedt
Dag Eskil Pedersen

22. juli 2021

I år er det 10 år sidan dei tragiske hendingane på Utøya og i regjeringskvartalet der mange menneske mista livet.

Torsdag 22. juli i år vil det bli ei markering rundt i landet med blant anna minnegudsteneste frå Oslo Domkirke.

I tidsrommet kl 12.00 -12.05 denne dagen vil det bli ringt med kyrkjeklokkene i alle kyrkjene i landet.

Dette blir gjort til minne om alle omkomne og i solidaritet med alle som står att i sorg, savn og vonde minner frå denne tida.

